



Trondheim, 24.03.2020

Olje- og Energidepartementet
postmottak@oed.dep.no

co/ NVE
nve@nve.no

Klage til OED på vedtak om godkjenning av brot på vilkår i MTA-plan for Frøya vindkraftverk

Vi viser til epost frå NVE av 24.03.2020, ref: 201841219.

I denne eposten blir vi informert om at NVE godkjenner at arbeidet på Frøya vindkraftverk blir gjennomført i strid med MTA-planens vilkår om «*så langt det er mulig*» å ta omsyn til hubroens «hensynsone» i perioden 20. mars – 15. august.

Denne godkjenninga ser vi som eit enkeltvedtak, slik det er omtalt i forvaltingslova, med ein klagefrist på 3 veker.

I epost frå TrønderEnergi Vind og Frøya vindkraftverk av 20.03.2020 (sendt frå Multiconsult) står det:

«Med tanke på at prosjektet allerede er forsinket har man ikke anledning til å utsette anleggsaktiviteter og ferdigstilling av dette området til etter at henynsperioden er ferdig.»

Vi ser på dette som eit klårt brot på vilkår i MTA-planen. At bygginga er forseinka kan ikkje bli sett på som tilstrekkeleg grunnlag til ikkje å oppfylle MTA-planens krav om å unngå arbeid i hubroens «hensynsone» «*så langt det er mulig*».

Dersom ein utbyggjar kan oppgje forseinking som grunnlag for å bryte miljøvilkår i ein MTA-plan, så vil det kunne føre til presedens også i andre saker, og ei full utholing av miljøvilkår.

- Vi klagar på NVEs vedtak om aksept av brot på MTA-planens vilkår, og krev det blir oppheva, slik at det ikkje blir tillate med arbeid innanfor hubroens «hensynsone» i den perioden som er omtalt i MTA-planens vilkår.
- Vi krev at arbeidet innanfor hubroens «hensynsone» straks blir stansa, på både dagtid og om natta, inntil klagen er ferdig behandla.

Med helsing

Magne Vågsland

Leiar av Naturvernforbundet i Trøndelag

Kopi: Miljødirektoratet

Vedlegg:

- Epost frå NVE med vedtak om aksept av brot på MTA-planens hubro-krav 24.03.2020
- Epost frå Frøya Vindkraftverk og TrønderEnergi Vind av 20.03.2020 om brot på MTA-planens hubro-krav